



Saksbehandler: Ingrid Johannessen

Kommunedirektør: Yngve Folven Bergesen

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/24	Formannskapet	04.06.2024
033/24	Kommunestyret	18.06.2024
024/24	Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting	17.06.2024

Andre gangs behandling av Kommuneplan for Vindafjord kommune 2024-2036 - Samfunnsdel med arealstrategiar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommuneplanen for Vindafjord kommune 2024-2036, samfunnsdelen med arealstrategiar, blir vedtatt slik han ligg føre datert 24.05.2024.

Formannskapet 04.06.2024:

Behandling:

Tilleggs- og endringsforslag til kommuneplanen frå Arbeidarpartiet, lagt fram av Øyvind Valen:

1. Til hovudmål 18, ny strategi (nr 27 kor nummera etterpå blir forskyve):» Legga til rette for at arbeidspendlarar og utanlandske innvandrara buset seg i kommunen.»

2. Endring i mål 13: Nytt «auka» i staden for «oppretthalda». (Landbruksproduksjon)

3. Endring i strategi 46: Nytt «eller» i staden for «og». (Interkommunalt samarbeid)

Tilleggspunkt lagt fram av Gustav Løge Fosse (KrF):

- Sikre god sambruk av og i tenester ved framtidige kommunale utbyggingar.

Votering:

Votering over kvart av dei foreslåtte tilleggspunkta:

Punkt frå Øyvind Valen (AP)

1. Til hovudmål 18, ny strategi (nr 27 kor nummera etterpå blir forskyve):» Legga til rette for at arbeidspendlarar og utanlandske innvandrara buset seg i kommunen.»

Vedtatt med 8 stemmer for, 1 stemme i mot (Årvik Frp).

2. Endring i mål 13: Nytt «auka» i staden for «oppretthalda». (Landbruksproduksjon)

Einstemmig vedtatt med 9 stemmer.

3. Endring i strategi 46: Nytt «eller» i staden for «og». (Interkommunalt samarbeid)

Einstemmig vedtatt med 9 stemmer.

Punkt fra Gustav L. Fosse (KrF)

- Sikre god sambruk av og i tenester ved framtidige kommunale utbyggingar.

Einstemmig vedtatt med 9 stemmer.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak med dei nye tilleggs/endringspunkta:

Einstemmig vedtatt med 9 stemmer.

FS- 033/24 Vedtak:

Tilråding til kommunestyret:

Kommuneplanen for Vindafjord kommune 2024-2036, samfunnsdelen med arealstrategiar, blir vedtatt slik han ligg føre datert 24.05.2024 med desse tileggs/endringspunkta:

1. Til hovudmål 18, ny strategi (nr 27 kor nummera etterpå blir forskyve):» Legga til rette for at arbeidspendlarar og utanlandske innvandrarakar buset seg i kommunen.»
2. Endring i mål 13: Nytt «auka» i staden for «oppretthalda». (Landbruksproduksjon)
3. Endring i strategi 46: Nytt «eller» i staden for «og». (Interkommunalt samarbeid)
4. Som ny strategi under «framtidiretta tenester»: Sikre god sambruk av og i tenester ved framtidige kommunale utbyggingar.

Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting 17.06.2024:**Behandling:**

REF tar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak til etterretning.

REF- 024/24 Vedtak:

Kommuneplanen for Vindafjord kommune 2024-2036, samfunnsdelen med arealstrategiar, blir vedtatt slik han ligg føre datert 24.05.2024.

Kommunestyret 18.06.2024:**Behandling:**

Tilleggsforslag frå Guri Ravatn (SV):

1. Ny arealstrategi under Hovudmål nr 11: Verna naturområda mot utbygging av arealkrevjande industri og infrastruktur.
2. Tillegg i strategi nr 44, som då vil lyda: Utvikla ein fagleg sterk organisasjon, med fokus på trivsel, innbyggjarinvolvering og brukarmedverknad.

Votering:**Tilleggsforslag frå SV:**

1. Ny arealstrategi under Hovudmål nr 11: Verna naturområda mot utbygging av arealkrevjande industri og infrastruktur.

1 stemme for, Ravatn (SV), 24 i mot. Forslaget falt.

2. Tillegg i strategi nr 44, som då vil lyda: Utvikla ein fagleg sterk organisasjon, med fokus på trivsel, innbyggjarinvolvering og brukarmedverknad.

20 stemmer for, 5 stemmer i mot (H). Forslag gjekk vidare.

Formannskapet si tilråding til vedtak med tilleggspunkt frå SV:

Kommuneplanen for Vindafjord kommune 2024-2036, samfunnsdelen med arealstrategiar, blir vedtatt slik han ligg føre datert 24.05.2024 med desse tileggs/endringspunkta:

1. Til hovudmål 18, ny strategi (nr 27 kor nummera etterpå blir forskyve):» Legga til rette for at arbeidspendlarar og utanlandske innvandrarakar buset seg i kommunen.»
2. Endring i mål 13: Nytt «auka» i staden for «oppretthalda». (Landbruksproduksjon)
3. Endring i strategi 46: Nytt «eller» i staden for «og». (Interkommunalt samarbeid)
4. Som ny strategi under «framtidretta tenester»: Sikre god sambruk av og i tenester ved framtidige kommunale utbyggingar.
Tillegg i strategi nr 44, som då vil lyda: Utvikla ein fagleg sterk organisasjon, med fokus på trivsel, innbyggjarinvolvering og brukarmedverknad.
Einstemmig vedtatt med 25 stemmer.

KS- 033/24 Vedtak:

Kommuneplanen for Vindafjord kommune 2024-2036, samfunnsdelen med arealstrategiar, blir vedtatt slik han ligg føre datert 24.05.2024 med desse tileggs/endringspunkta:

1. Til hovudmål 18, ny strategi (nr 27 kor nummera etterpå blir forskyve):» Legga til rette for at arbeidspendlarar og utanlandske innvandrarakar buset seg i kommunen.»
2. Endring i mål 13: Nytt «auka» i staden for «oppretthalda». (Landbruksproduksjon)
3. Endring i strategi 46: Nytt «eller» i staden for «og». (Interkommunalt samarbeid)
4. Som ny strategi under «framtidretta tenester»: Sikre god sambruk av og i tenester ved framtidige kommunale utbyggingar.
5. Tillegg i strategi nr 44, som då vil lyda: Utvikla ein fagleg sterk organisasjon, med fokus på trivsel, innbyggjarinvolvering og brukarmedverknad.

Saksutgreiing

Samandrag

Samfunnsdelen av kommuneplanen er kommunen sitt viktigaste styringsverktøy. Dei mål og strategiar som blir vedtatt, skal vera grunnlaget for det vidare arbeidet med arealdelen, økonomiplanen og dei ulike «sektorane» sine planar og verksemd. I framlegget til ny samfunnsdel har kommunen følgd oppfordringa frå nasjonale og regionale myndigheiter om å utarbeida arealstrategiar. Desse skal binda samfunnsdelen saman med arealdelen, og vil vera direkte førande i vurderinga av arealinnspele. Samfunnsdelen er forankra i FN sine berekraftsmål.

Arbeidet med kommuneplanen starta opp i 2021. Det har vore leia av kommunalsjef for samfunnsutvikling og i ein periode av einingsleiar for Areal og forvaltning. Styringsgruppa for arbeidet har vore formannskapet utvida med gruppeleiarane. Ekstern medverknad føregjekk i hovudsak hausten 2021 medan intern medverknad har føregått i fleire omgangar. Det er også halde arbeidsseminar i styringsgruppa der viktige tema/problemstillingar har blitt drøfta.

Planen er delt inn i 3 sektorovergripande tema og 3 satsingsområde. For å kunna peika ut ei retning for samfunnsutviklinga i Vindafjord kommune, er me avhengig av godt samarbeid og velfungerande folkestyre. I kommunal planlegging er det heilt sentralt med lokal forankring og medverknad og godt samarbeid med regionale og nasjonale styresmakter. Kommunen skal innfri både lokale og nasjonale forventingar. Derfor blir berekraftsmål nr 17, «Samarbeid for å nå måla», avgjerande for å nå dei sektorovergripande måla og måla for kvart satsingsområde.

Dei sektorovergripande tema er klima og miljø, samfunnstryggleik og folkehelse. Dei tre

satsingsområda omhandlar berekraftig kommune, attraktive lokalsamfunn og framtidsretta tenester; gode liv og livslang læring.

Samfunnsdelen til kommuneplanen er publisert i Framsikt. Dette er eit digitalt verktøy som gjer planen oversiktleg og lett å lesa. Bruken av Framsikt sikrar også at mål og strategiar i vårt overordna styringsdokument blir henta inn i økonomiplanen og vidare til verksemdsplanane, og me får sikra samanhengen i plan- og styringssystema. Du kan lesa kommuneplanen sin samfunnsdel med arealstrategiar her <https://pub.framsikt.net/plan/vindafjord/plan-58630f46-6c47-4e11-b218-1756661f4954-41682/#/>

Bakgrunn for saka

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-1 skal kommunen ha ein samla plan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og leggja retningslinjer og pålegg frå statlege og regionale myndigheiter til grunn.

Gjeldande kommuneplan blei vedtatt i 2017. I kommunen sin planstrategi for 2020-2023 og i planprogrammet blei det vedtatt at samfunnsdelen skulle reviderast i sin heilskap. Samfunnsdelen var til første gangs behandling 19.09.2023 og det er samfunnsdelen som kjem til endeleg behandling i denne saka.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal peika ut mål og strategiar for kommunen si langsiktige utvikling, og gi føringar for politiske satsingsområde. Samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgjast opp. Etter endringane i kommunelova (2018) kan økonomiplanen utgjera handlingsdelen, jf. § 14-4. Vindafjord kommune har vald denne modellen. Som del av samfunnsdelen er det utarbeida ein arealstrategi. Denne skal vera bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen, og gi hovudprinsippa for den langsiktige arealbruken i kommunen og dermed gi føringar for arealdelen.

Arealdelen vil komme opp som eiga sak på eit seinare tidspunkt.

Saks- og faktaopplysningar

Formål

Formålet med revisjon av kommuneplanen kan oppsummerast i følgjande punkt:

- Styrka og forankra samfunnsdelen som viktigaste styringsverktøy
- Forankra samfunnsdelen i FN sine berekraftsmål
- Binda samfunnsdelen og arealdelen saman gjennom ein arealstrategi
- Knytta økonomiplanen/handlingsdelen tettare til samfunnsdelen

Planprosess

Planprosessen kan i korte trekk oppsummerast slik:

- Oppstart av planarbeidet og planprogrammet som er oppskrifta for planarbeidet, blei vedtatt av kommunestyret 22.06.2021.
- Arbeidet har vore organisert i ei prosjektgruppe leia av kommunalsjef for samfunnsutvikling og i ein periode av einingsleiar for areal og forvaltning
- Formannskapet utvida med gruppeleiarane har vore styringsgruppe
- Ekstern medverknad føregjekk i hovudsak hausten 2021 i form av spørjeundersøking, folkemøte, gjestebod, temamøte og arbeidsverkstadar
- Medverknad internt i organisasjonen har skjedd i fleire omgangar; i leiarforum og arbeid ute i einingane
- Kommunen var i Regionalt planforum 21.12.2022

- Alle prioriterte innspel blei deretter samordna og sortert på satsingsområda og på sektorovergripande tema
- Dette blei utgangspunktet for formulering av mål og strategiar
- Før første gangs behandling blei det halde politisk arbeidsseminar for å forankra prioriterte tema og arealstrategiar
- planforslaget var på høyring/offentleg ettersyn i perioden 14.10 -18.12.2023
- innkomne merknader er gjennomgått
- arbeidsseminar i styringsgruppa 22.02.2024 der innspela var tema

Innhald i planen

Samfunnsdelen til kommuneplanen har ein tidshorisont på 12 år. Den viser mål for ønskt utvikling og strategiar for korleis Vindafjord kommune og samfunn skal utvikla tenestene og løysa oppgåvene for å nå måla. Planen tar stilling til langsiktige utfordringar og skal vera grunnlaget for sektorane sine planar og verksemd.

FN sine berekraftsmål ligg til grunn. Alle berekraftsmåla er like viktige i eit globalt perspektiv. I planprosessen er det vurdert og komme fram til at Vindafjord-samfunnet og kommunen har størst påverknadsgrad og moglegheit for måloppnåing innanfor desse 8 måla:

- Mål 3: god helse og livskvalitet
- Mål 4: god utdanning
- Mål 6: reint vatn og gode sanitæranlegg
- Mål 8: anstendig arbeid og økonomisk vekst
- Mål 11: berekraftige byar og lokalsamfunn
- Mål 12: ansvarleg forbruk og produksjon
- Mål 13: stoppe klimaendringane
- Mål 17: Samarbeid for å nå måla

Planen er delt inn i 3 sektorovergripande tema og 3 satsingsområde. For å kunna peika ut ei retning for samfunnsutviklinga i Vindafjord kommune, er me avhengig av godt samarbeid og velfungerande folkestyre. I kommunal planlegging er det heilt sentralt med lokal forankring og medverknad og godt samarbeid med regionale og nasjonale styresmakter. Kommunen skal innfri både lokale og nasjonale forventingar. Derfor blir berekraftsmål nr 17, «Samarbeid for å nå måla», avgjerande for å nå dei sektorovergripande måla og måla for kvart satsingsområde.

Dei sektorovergripande tema blei avklart i planstrategiarbeidet og omhandlar

- klima og miljø
- samfunnstryggleik
- folkehelse

Dei tre satsingsområda blei avklart i prosessen med utarbeiding av planprogrammet og omhandlar

- berekraftig kommune
- attraktive lokalsamfunn og
- framtidretta tenester, gode liv og livslang læring

Til kvart av desse er det sett opp mål med tilhøyrande strategiar.

Arealstrategi

Det er ei nasjonal og regional forventning at kommunen utarbeidar ein arealstrategi.

Arealstrategien skal vera bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen. Kommunen sine arealstrategiar er langsiktige og gir overordna føringar for framtidig arealbruk. Arealstrategiane skal ligga til grunn for arealplanlegginga på alle plannivå; kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar, reguleringsplanar, i byggesaker og i temaplanar. Arealstrategiane bygger opp under kommunen sine satsingsområde berekraftig kommune, attraktive lokalsamfunn og framtidretta tenester og skal bidra til at kommunen når sine hovudmål.

Vurdering

Det er komme 20 innspel til planarbeidet. 7 innspel er frå andre myndigheiter, 5 innspel er frå grendelag og interesseorganisasjonar og 8 innspel er frå privat personar. Alle innspel er gjengitt i hovudtrekk og kommentert nedanfor.

Direktoratet for mineralforvaltning

Forvaltning av mineralressursar skal vera ein del av kommunen sine vurderingar av arealbruk i arealdelen, og bør derfor vera ein del av kommunen sin arealstrategi. DMF kan ikkje sjå at kommunen adresserer korleis dei har tenkt å forvalta areal med mineralressursar og/eller område med masseuttak.

Ei meir berekraftig mineralforvaltning inneber å utnytta gode førekomstar av byggeråstoff optimalt, både i volum og kvalitet, i tillegg til å hindra nedbygging av viktige førekomstar for framtida. Dei nye nasjonale forventningane til kommunal og regional planlegging trekk i tillegg fram gjenbruk av overskotsmassar som eit viktig steg mot ein sirkulærøkonomisk bygg- og anleggsbransje.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Det er ikkje laga ein arealstrategi som særskilt omhandlar mineralressursar. Me har arealstrategiar som bygger opp om forsvarleg arealdisponering og framtidsretta forvaltning av naturressursane. Ei vurdering av eksisterande plangrunnlag og om tilgangen på mineralske ressursar er tilstrekkeleg for planlagt utvikling og utbygging, må utførast i samband med arealdelen av kommuneplanen.

Kystverket

Maritim verksemd, bruk av sjø og sjøretta landareal til transport, næringsverksemd og fritidsbruk har ein naturleg plass i samfunnsplanlegginga. For slike aktivitetar er det viktig at samfunnsplanen blir framtidsretta og gir premiss for avklaring av arealbruk på sjø og land. Det er viktig at kommunen ser sjøtransport og bruk av sjøareal i samheng med eksisterande og framtidige nærings- og industriareal, vegar, bustad- og sentrumsområde mv. Alle vekstnæringar treng velfungerande logistikklysingar, gode areal og eit godt samspel med omgivnadene.

Ved den vidare arealforvaltninga gjennom kommuneplanens arealdel, kommunedelplaner, områdeplaner og detaljplaner må kommunen vera observant på at det ikkje tilretteleggast for aktivitetar som blir til hinder for tryggleik og framkommelegheit på sjøen. Vi tilrår at kommunen i planleggingsfasen nyttar seg av Kystverket sin kartteneste www.kystinfo.no Her finst sjøkart og andre sjørelaterte opplysningar. Informasjon om kor fartøy av ein viss storleik ferdast, tal fartøy mv. er tilgjengelig gjennom tenesta www.kystdatahuset.no .

Kommunedirektøren sine kommentarar

Kommunen med si lange kystline og tilknytning til to fjordbasseng, har naturleg gode tilhøve for bruk av sjø og strandsone. Kommunen har også eit ansvar for å ta vare på natur og naturressursar for kommande generasjonar. Det er utforma følgande arealstrategi som skal ivareta dette på ein best mogleg måte: «*Kommunen skal balansera mellom å ta vare på sjøareal og strandsone og behovet for næringsareal og attraktive bustadområde*».

Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE

Dei er positive til at samfunnstryggleik, klima og miljø har fått fokus i samfunnsdelen. Det er bra at det i arealstrategien står: «Nye byggeområde skal så langt som råd planleggast utanfor fareområda» og «Bruk av omsynssonar og føresegner i arealdelen for å sikra ei trygg arealdisponering».

NVE har innspel om at kommunen kan bidra til å gjera eksisterande busetnad trygg mot naturfarar ved å kartlegga areal som er utsett for potensiell naturfare. NVE har aktsemdskart som kan nyttast

i arbeidet. Dei viser også til økonomiske støtteordningar til miljøtiltak, kartlegging og sikring mot naturfare.

NVE synest det er bra at gamle reguleringsplanar er løfta fram som ei problemstilling. Ved å sjå på gamle planar kan kommunen vurdere om det bør tas ut nokre eksisterande utbygde område i planar, på bakgrunn av ny kunnskap om naturfarar og klimaendringar. Kommunen kan også oppdatere planar ved å ta inn omsynssoner som viser fare basert på nyaste kunnskap om naturfarar og erfaring kommunen har. Heimelsgrunnlag ligg i PBL § 12-14.

Kommunedirektøren sine kommentarar

NVE sitt forslag om å kartlegga areal som er utsett for naturfare er høgst aktuelt.

Kommunedirektøren vil ta dette opp til vurdering i samband med arbeidet med planstrategien og/eller handlingsprogram/økonomiplan.

Ein av kommunen sine arealstrategiar er: «*Nye byggeområde skal så langt som råd planleggast utanfor fareområda*».

Statens vegvesen, SVV

Kommunen har som mål å minimera miljøbelastninga frå transportsektoren ved å redusera talet på transportar og få større del av den samla transporten over på sykkel, gange og kollektiv. Kor ein prioriterer å utvikla bustadar, næring, handel og arbeidsplassar er avgjerande for korleis ein vel å reisa. Kommunen må vurdere eksisterande og ny arealbruk opp mot ei klimavenleg og berekraftig utvikling med tanke på mobilitet. I høve til strategi nr. 4 under berekraftig kommunen foreslår SVV at «transportar» blir erstatta med «personbiltransportar».

Kommunedirektøren sin kommentar:

Innspelet blir tatt til følge og ordlyden i strategien er endra.

Rogaland fylkeskommune

Planforslaget tar stilling til langsiktige utfordringar og mål på ein god måte, og viser ei overordna retning for den vidare planlegginga og aktiviteten til kommunen i perioden.

Kommunen vil styrka bygdесentra og fortetta innanfrå og ut. Fylkesdirektøren ser positivt på ei slik utvikling, men på sikt kan det vera utfordrande med tanke på tilboda (barnehage/skule og heimeteneste) om dette skal oppretthaldast for alle bygdene. Det er likevel positivt at ein ønskjer å styrka bygdесentra ved å setta av areal til sentrums- eller kombinerte formål. Det er også positivt at det er sterkt fokus på å ikkje bygga ned matjord og naturressursar.

Fylkesdirektøren vil tilrå at ein og vil sjå på eldre reguleringsplanar for å vurdere ikkje-utbygde område på nytt.

Kommunedirektøren sine kommentarar

Busetnad er eit viktig tema under satsingsområdet Attraktive lokalsamfunn. Det er eit tema der kommunen opplev at nasjonale og lokale forventingar er mest i uttakt. Me har sett som mål «*å bygga sterke sentrum i lokalsamfunna og utvikla Ølen til eit samlande kommunesenter*».

Tilhøyrande har me ein arealstrategi om å «*fortetta og ha effektiv arealutnytting i og nær tettstadane /bygdесentra, og her skal utbygging i hovudsak skje gjennom reguleringsplan. Me skal bygga innanfrå og ut.*»

Samstundes har me som mål at «*alle lokalsamfunn skal ha attraktive bustadområde*», og av den grunn ser kommunen behov for å ha alternative tilbod til regulerte bustadfelt. Kommunen har for å imøtekomma dette behovet utforma arealstrategien: «*ha eit tilbod om spreidd busetnad der det er naudsynt ut frå busettingsomsyn og som alternativ til bustadfelt for å vera buattraktive*».

Dette er viktig for kommunen og har derfor også tatt dette opp med statlege og regionale myndigheiter i Regionalt planforum. Mål og strategiar vil bli følgt opp i arealdelen, m.a. ved å leggja

til rette for husklynger (utan krav om regulering) i bygder med busettingsomsyn. Kommunedirektøren vil også visa til «*Veileder 2020 Planlegging for spredt bustad-, fritids- og næringsbebyggelse i landbruks-, natur- og friluftsområder*». I denne går det fram at bruk av dispensasjon kan vera eit alternativ til å setta av store område til LNF-spreidd busetnad. I kommunar med store utmarksområde og lite utbygging, kan det vera vanskeleg å vurdere på førehand kor behovet for spreidd utbygging kjem. Då kan det vera grunnlag for å leggja opp til at slike søknader blir vurdert gjennom behandling av dispensasjonssak, står det i rettleiaren. Det er nettopp denne erfaringa kommunen har gjort seg; areala som er sett av til spreidd busetnad i kommuneplanen, «treff» ikkje.

Kommunedirektøren vil elles understreka at eldre reguleringsplanar/planvask og «ikkje utbygde» område blir nærare vurdert i arbeidet med arealdelen.

Statsforvaltaren (SF)

Statsforvaltaren har uttalt seg til og kommentert på ei lang rekke med tema. For å gjera det lettare for lesaren av saksdokumentet, har kommunedirektøren kommentert innspela etter kvart tema.

Klima

SF rår kommunen til å utarbeida ein heilskapleg plan som knyt klimatiltak saman med økonomiplanen og som viser tiltaka sin forventa effekt og kostnad.

Kommunedirektøren sin kommentar:

Kommunen vil jf. strategi nr. 3, utarbeida ein handlingsplan for å redusera klimagassutslepp, planarbeidet har oppstart i 2024.

Folkehelse

Det er positivt at kommunen definerer folkehelse som eit sektorovergripande tema og såleis styrkar arbeidet med å forankra folkehelse på tvers av sektorar. SF oppmodar kommunen til å sikra at folkehelseoversikta bygger på ny og oppdatert kunnskap, inkludera nye Stortingsmeldingar i Folkehelseoversikta og å omtala «kompetanse og rekrutteringsplanlegging for helse- og omsorgssektoren» og «Barnevernsreforma» nærare i planen.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Folkehelseoversikta vil bli oppdatert i løpet av 2024. Denne vil bygga på oppdatert kunnskap og nye Stortingsmeldingar vil bli inkludert. Revidert folkehelseoversikt vil i tillegg omtala Kompetanse og rekrutteringsplanlegging for helse- og omsorgssektoren, samt Barnevernsreforma.

Bustadsosiale omsyn

SF viser til ny lov og saknar meir fokus på bustadsosiale omsyn.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Vindafjord kommune sin planstrategi og folkehelseoversikt skal reviderast inneverande år, og bustadsosiale omsyn vil bli omtalt. Vår reviderte bustadsosiale handlingsplan nærmar seg også ferdig. Kommunen er kjent med nye stortingsmeldingar og skal arbeida med dette framover.

Landbruket

Endringar i regelverket for handtering av husdyrgjødsel vil bli ei utfordring for kommunen, positivt at Biovind har fått støtte frå Bionova og realisering av dette anlegget kan bidra til å løysa utfordringa.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Vindafjord kommune har nytta «*Fosforkalkulator*», utvikla av Statsforvaltaren i Rogaland, for å vurdere om me vil ha tilgjengeleg spreieareal i høve til høyringsforslaget til ny gjødselbrukforskrift. Tala syner at kommunen totalt vil ha tilgjengeleg spreieareal. Samstundes skal det understrekast at

enkelte gardar og område i kommunen kan få utfordring med manglande spreieareal med endringane som er foreslått.

Samfunnstryggleik

I kapittelet om samfunnstryggleik meiner SF at kommunen kan vurdere å bruka omgrepet robuste samfunn. Dei saknar at dei statlege planretningslinjene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing er med i oversikta over statlege og regionale føresetnader.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Omgrepet robuste lokalsamfunn er tatt i bruk under kapittelet om samfunnstryggleik og mål nr. 4 får følgjande ordlyd: «*utvikla trygge og robuste lokalsamfunn*». Dei statlege planretningslinjene for klima- og energiplanlegging blir skrivne inn i lista over statlege og regionale føresetnader.

ROS-analysar

Ein eventuell samanheng mellom heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (HROS) og samfunnsdelen er ikkje tydeleggjort. Kommunen trekk fram bruk av ROS-analyser i all planlegging, men då må ein også vurdere kva grad av usikkerheit kommunen kan tola innan ulike sektorar.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

For å sikra samanhengen med HROS, er følgjande tre strategiar (som er sett opp i HROS), tatt inn i kap. 6.2:

1. Jobba førebyggjande, systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik på tvers av sektorar og einingar, herunder styrka samarbeidet mellom kommunen og andre offentlege tenester innan sikkerheit og beredskap, ideelle organisasjonar og næringslivet.
2. Ha naudsynt kompetanse og kapasitet til å ivareta det kommunale ansvaret for innbyggjarane sin tryggleik.
3. Ha tilstrekkeleg beredskap for å hindra at ulykker/kriser får utvikla seg til katastrofar /storhendingar.

Mål og strategiar

I omtalen av infrastruktur må også kaiar og hamneinfrastruktur vera med.

Ein arealstrategi er å leggja nye byggeområde utanfor fareområda. Her kan ein også vurdere å leggja inn «utanom viktige areal for klimautslepp og –tilpassing, t.d. myr/våtmark».

Viktig at kommunen følger med på nye aktsemds- og farekart, NVE jobbar med aktsemdskart for marin leire.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Innspelet er tatt til følge, kaiar og hamneinfrastruktur er skrivne inn i strategi nr.9.

Å leggja nye byggeområde utanfor viktige areal for klimautslepp og –tilpassing blir fanga opp av arealstrategi nr. 1 under kap.6.1 Klima og miljø; «*Forvalta areala for eit klimavenleg samfunn*».

Nye aktsemds- og farekart vil bli oppdatert i arealdelen.

Nasjonale forventningar

Med tanke på nasjonale forventningar og drikkevassforsyning, bør kommunen sjå på behovet for å oppgradera/vedlikehalda det kommunale leidningsnett.

Og når det gjeld naturbaserte løysingar for klimatilpassing bør dette kombinerast med folkehelse der det er mogleg.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Oppgradering og behov for vedlikehald av leidningsnett er ivaretatt i Hovudplan for vatn.

Det er bortimot ingen stadar i Vindafjord som er så tett utbygd at ikkje innbyggerane, frå der dei bur, kjem ut i naturen, direkte eller via grøntdrag. I arealplanlegginga vil dette alltid bli vurdert.

Storulukkeverksemder

I lys av dagens risikobilde må kommunen vurdere kva informasjon som bør ligge offentleg tilgjengeleg.

Kommunedirektøren sin kommentar:

Kommunen vil i kommuneplanens arealdel ta ei konkret vurdering om å leggja omsynssone der dette er aktuelt.

Utdanning

Under satsingsområdet «*Framtidsretta tenester – gode liv og livslang læring*», er eit av hovudmåla «*Trygge, inkluderande og lærande oppvekstmiljø*». Strategiar for å nå dette er tilpassa opplæring, medverknad, hindre fråfall frå vidaregåande opplæring og barnehage- og skulestruktur. Rekruttera og behalda medarbeidarar er også nemnt, men ikkje spesifikt for oppvekstområdet.

Sett i lys av kommunen sine utfordringar med læringsresultat og skulemiljø, synast hovudmålsetnaden relevant. Men strategiane for å nå dette målet er lite konkrete. Den reviderte planen for «*Pedagogikk og strategi i barnehage og skule*», inneheld heller ingen strategiar eller tiltak for å nå målsetnaden. Det er dermed uklart korleis kommunen skal arbeide for å nå målet. Statsforvaltaren rår kommunen til å utarbeida strategiar og tiltak som svarar på målsetnaden, og at hovudtrekka er med i kommuneplanen.

Vindafjord ønsker å bli meir attraktive for busetting. Gode skular og barnehagar er ei viktig del av valet ved busetting. Mål om gode skular og barnehagar bør difor nemnast under satsingsområdet «*Attraktive lokalsamfunn*».

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Kommunedirektøren tar innspelet til følgje og har også skriva inn målet om «*trygge, inkluderande og lærande oppvekstmiljø*» i satsingsområdet «*attraktive lokalsamfunn*» og tilhøyrande strategi «*barnehage- og skulestruktur som sikrar kvalitet i opplæringa og bygger opp om attraktive lokalsamfunn*».

Kommunen må leggja til rette for gode tiltak for å rekruttera og behalda god og rett kompetanse i barnehagar og skular for å møte utfordringane med rekruttering i framtida. Det pågår eit arbeid med ein kommunal strategiplan knytt til rekruttering.

Kommuneøkonomi

Den nasjonale forventninga om at kommunane skal forvalta økonomien slik at den økonomiske handleevna blir tatt hand om over tid, kan med fordel leggest til punkta om nasjonale forventningar under kap. 7.3. SF rår også til å forankra omsynet til kommuneøkonomi i sjølvne strategiane til kommunen.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Den nasjonale forventninga om at kommunane skal forvalta økonomien slik at det økonomiske handleevna blir tatt hand om over tid, er lagt til i samsvar med SF sitt innspel. Omsynet til kommuneøkonomien er ivaretatt i strategi nr. 41, men er i tillegg supplert med følgjande strategi: «*opprethalda den økonomiske handleevna over tid gjennom naudsynt omstrukturering av tenestene i tråd med framtidige behov*» (strategi nr. 42).

Interkommunalt samarbeid

SF rår kommunen til å spissa strategien om samarbeid ytterlegare, t.d. ved å leggja til at det skal søkast interkommunale tenester der det er naudsynt for å levera god kvalitet på lovpålagte tenester og/eller oppnå vesentleg effektiviseringsgevinstar.

Det er etablert eit samarbeid om samfunnstryggleik og beredskap på tvers av kommunane på ytre Haugalandet, SF tilrår at Vindafjord deltar i dette samarbeidet.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Kommunedirektøren meiner interkommunalt samarbeid er tilstrekkeleg sikra med strategi nr.46 «*Søka interkommunalt samarbeid der det gir betre og billegare løysingar*». Dette vil sjølvsagt bli vurdert når det er naudsynt for å levera god kvalitet på lovpålagte tenester.

Utfordringa har vore at kommunen ikkje har fått bli med kommunane på ytre Haugalandet, fordi dei har syntest det blir ei for stor gruppe. Vindafjord kommune vil ta initiativ til/jobba for å bli med i samarbeidet om samfunnstryggleik og beredskap.

FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne

SF rår kommunen til å ta med ein eigen strategi som omhandlar å bygga opp kompetanse om CRPD og implementera CRPD i kommunen sine tenester under kap. 7.3

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Kommunen har utpeikt eigen kontaktperson for CRPD inn mot Statsforvaltaren og implementeringa i Rogaland. Det blir arbeidd med ytterlegare implementering i planar og organisasjon og kommunen tar Statsforvaltaren si tilråding til etterretning.

Arealstrategi

Nokre av punkta i arealstrategien kunne vore meir spissa for å tydeleggjera kommunen sin langsiktige arealpolitikk betre.

Klima og miljø

SF skriv at kommunen viser til fleire gode tiltak i teksten under kap. 6.1, slik som t.d. å halda intakte økosystem, hindra nedbygging av karbonrike areal, leggja til rette for energisparing og redusert transportbehov, leggja til rette for gjenbruk og transformasjon av allereie utbygde areal, ta vare på naturmangfald og friluftsområde m.m. SF rår kommunen til å vurdere å innlemma fleire av tiltaka inn i sjølve arealstrategien. Å vera meir konkrete i formuleringa av sjølve arealstrategien vil kunne gjera grovsiling av innspel til arealdelen lettare.

SF meiner omsynet til naturmangfald i større grad bør omtalast i arealstrategien.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Kommunedirektøren meiner dette er ivaretatt, m.a. gjennom arealstrategiane nr. 1, 7, 14, 16 og 20.

For å sikra omsynet til naturmangfald er følgjande strategi lagt til under kap. 6.1 Klima og miljø: «*Utarbeida ein kommunedelplan for naturmangfald og karbonrike areal*».

Samfunnstryggleik

Viktig å ha ei arealdisponering som tar omsyn til eit klima i endring.

Kommunen bør vurdere, saman med Mattilsynet, korleis trygt drikkevatt kan samordnast på ein god måte med bruk av utmarka til m.a. friluftsliv, utmarksbeite og grøne verksemder.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Ei arealdisponering som tar omsyn til eit klima i endring, er ivaretatt mellom anna i mål nr. 1 og strategi nr. 5 i kap. 6.1 Klima og miljø.

Drikkevasskjelder med nedslagsfelt er i arealdelen av kommuneplanen ivaretatt med sikringssone. Innanfor desse områda er det ikkje tillate med tiltak og aktivitet som kan forureina vassforsyningssystemet.

Berekraftig kommune

SF oppmodar kommunen til å innføra arealnøytralitet i sin arealstrategi. Eit arealrekneskap vil vera eit viktig verktøy for å skaffa oversikt og vurdere å ta ut, ta inn nye eller endre byggeområde.

SF ser fram til å bidra i arbeidet med langsiktig grense landbruk og eit konkret jordvernmål bør innarbeidast i samfunnsdelen og arealstrategien.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Arealnøytralitet og arealrekneskap var tema på arbeidsseminar i styringsgruppa 22.02.2024. Kommunen må i si arealforvaltning balansera mellom bruk og vern av areal. Eit arealrekneskap vil gi oss auka kunnskap om endringane over tid. Kommunedirektøren meiner derfor at kommunen skal begynne å føra arealrekneskap. Det vil gi oss eit medvite forhold til omfanget av ny arealbruk. Arealrekneskap vil vera ein viktig føresetnad på vegen mot arealnøytralitet.

Kommunen legg den nasjonale jordvernstrategien til grunn for sitt arbeid med jordvern. I arbeidet med arealdelen skal langsiktig grense landbruk inn mot tettstadane Ølen, Sandeid og Skjold bli vurdert, og det vil bli gjort ei ny vurdering av kjerneområde landbruk.

Attraktive lokalsamfunn

Å sikra busetting og utvikling i dei minste lokalsamfunna er eit viktig satsingsområde for kommunen, og SF meiner det er eit fornuftig grep at kommunen forankrar dette i både samfunnsdel og arealstrategi. Hovudfokuset bør vera å fortetta innanfrå og ut slik at ein bygger opp dei små lokalsamfunna samstundes som ein legg opp til effektiv arealutnytting, klimavenleg transport og ein kan dra nytte av eksisterande infrastruktur.

Teksten som omhandlar lokalisering av nye bustadområde kan lesast som at alle skal lokaliserast nær sjø, SF reknar med at dette ikkje er intensjonen og rår til at teksten blir justert. Ei utbygging i strandsona skal skje i tråd med Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona, og dette kan med fordel presiserast.

Det er positivt at det under kapitelet om arealstrategi er nemnt at det skal gjerast vurderingar av om eldre byggeområde som ikkje er blitt realisert, kan tas ut.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Dei statlege planretningslinjene blir lagt til grunn for kommuneplanarbeidet, differensiert forvaltning av strandsona blir ikkje særskilt presisert. Busetnaden i kommunen er tradisjonelt lokalisert nær sjø og strandsona og/eller i tilknytning til vegane og dei fruktbare dalføra. Dette er i historisk perspektiv ei heilt naturleg utvikling. Nærleik til sjø er eit element ved det å vera buattraktive, men det er også andre element som skapar buattraktivitet. Ordlyden i arealstrategien er derfor justert til følgande:

«Lokalisera bustadområde slik at dei opplevast buattraktive t.d. nær fjorden/med utsikt til fjorden, men sikra at allmenta får tilgang til strandsona».

Haugaland interkommunale miljøverk (HIM)

Planteksten nemnar ikkje HIM sine fagområde. HIM jobbar ut frå målet om å nå dei nasjonale måla om 65% sorteringsgrad innan 2035. Eit av verkemidla for å nå desse måla er å etablera moderne

høgkapasitetsløyningar med digital tilgangskontroll. HIM har ingen areal for å etablera slike løyningar og er avhengig av at kommunen sett krav og retningslinjer som dette i arealplanlegginga. HIM har ingen finansieringsordningar til støtte for moderne avfallsløyningar. Dersom det finst statlege klimamidlar som kommunen har tilgang til, vil det vere ein miljøgevinst dersom det kan etablerast ei kommunal støtteordning.

Kommunedirektøren sin kommentar:

HIM sine fagområde ligg under tema klima og miljø. Målet om å «*reduera forureining*» og strategien om å «*fremma eit ansvarleg forbruk, haldningsskapande arbeid*», er meint å fanga om HIM sitt fagområde.

Det er dessutan utforma ein arealstrategi: «*Arbeida for at alle vassførekomstar skal ha god økologisk og god kjemisk tilstand i samsvar med planar for vassforvaltning*».

Bjoa Bygdeutviklingslag (BBU)

Ved omtale av kommunen sin visjon i kap. 4 står følgande: «*Det er og ei målsetting at kommunen skal vera sentral i høve til kor folk ønskjer å bu og arbeida og kor bedrifter ønskjer å etablera seg.*» BBU håpar at dette skal forståast slik at kommunen ønskjer å engasjera seg og vera på tilbodssida med informasjon, hjelp og tilrettelegging i høve til den plassen den einskilde som kjem til Vindafjord sjølv ønskjer å bu, arbeida og etablera seg, ikkje at det betyr at det skal skje berre sentralt.

BBU foreslår eit nytt punkt til arealstrategiar: «*sikre næringsareal som gir utviklingsmoglegheiter for etablerte og nye verksemder i alle bygdene*».

Foreslår nytt punkt i strategiar under attraktive lokalsamfunn: «*aktiv bruk av alle grendeutval i saker som vedkjem utvikling av kommunesenteret og sentrumsfunksjonar*».

BBU foreslår endring frå «*Det er eit ønskje om meir spreidd busetnad og busetnad nær sjøen*» til «*Det er eit ønskje om meir spreidd busetnad, busetnad med utsikt over sjøen/fjorden og busetnad nær sjøen*» i 4. avsnitt i kap. 8.

Ta inn i teksten s. 30: «*Det bør vere ein viktig strategi i arbeidet med bustadattraktivitet for dei små bygdene å skile seg ut ved å kunne tilby noko ekstra som ein ikkje finn andre plassar. Mellom anna gjennom satsinga Gode VIBar kan kommunen legge føringar og mål for styrking av dette.*»

Manglande samsvar mellom kortversjonen (kap. 9) og kommuneplanen, tabellane i kortversjonen må samordnast med KPS, gjeld kap. 6.3 folkehelse, pkt. 15 og 16 under Attraktive lokalsamfunn og kap. 7.2 første og siste punkt.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Teksten som BBU viser til om å vera sentral, er henta frå kommunen si utdjuping av visjonen (i kap.4). Tanken er definitivt at kommunen skal vera sentral på den måten at me skal hjelpa og leggja til rette for at busetting og næringsetablering kan skje i alle lokalsamfunna. For at dette ikkje skal misforståast, er det gjort ei justering av teksten.

Strategiar for næringsutvikling blei drøfta i styringsgruppa sitt arbeidsseminar 22.02.2024 og næringsareal var tema i arbeidsseminar 12.03.2024. Det kom ikkje fram noko ønskje om å endra og/eller leggja til formuleringar i dei føreslåtte arealstrategiane. Det er ønskjeleg å leggja til rette for næringsetablering i alle bygdene. Det vil likevel vera vanskeleg å sikra at alle typar næring kan etablerast i kvar bygd. Det vil komma i konflikt med strategien om «*rett verksemd på rett stad*». Kommunedirektøren er av den oppfatning at strategien «*gi mindre næringsaktørar utviklingsmoglegheiter lokalt*» i tilstrekkeleg grad fangar opp ønskje om å gi verksemder utviklingsmoglegheiter i bygdene.

At BBU vil engasjere seg i saker som vedkjem kommunesenteret er positivt. Under satsingsområdet «Attraktive lokalsamfunn» er det sett opp som eit mål å «utvikla Ølen til eit samlande kommunesenter». BBU sitt innspel blir tatt til følge og ordlyden i strategien blir som følger: «Aktiv bruk av grendeutvala i saker som har allmenn interesse for bygda og saker som vedkjem utvikling av kommunesenteret og sentrumsfunksjonar».

Busetnaden i kommunen er tradisjonelt lokalisert nær sjø og strandsone eller i dei fruktbare dalføra med aktivt jordbrukslandskap. I eit historisk perspektiv er utbygging nær sjø ei heilt naturleg utvikling. Busetnad nær sjøen og/eller med utsikt over sjøen/fjorden er eit av elementa som gjer Vindafjord buattraktiv, men det er også mange andre element som skapar buattraktivitet. Ordlyden i arealstrategien er derfor justert til følgande: «Lokalisera bustadområde slik at dei opplevast buattraktive t.d. nær fjorden/med utsikt til fjorden, men sikra at allmenta får tilgang til strandsona».

Prosjektet Gode VIBar har vist seg å vere ein god måte å jobbe på. I slikt prosjektarbeid får bygdene sjølv vere aktivt deltakande i utviklingsarbeidet og einskildtataka dei prioriterer. Kommunedirektøren meiner BBU sitt innspel bør tas til følge og teksten er skrive inn i forslaget til kommuneplan.

Manglande samsvar mellom kommuneplanen og kortversjonen av denne i kap. 9, er retta opp.

Friluftsrådet Vest

Kommunen må, gjennom kommuneplanen, sikra at allmenta får moglegheita for å utøva friluftsliv i nærmiljøet, både i utmark og til sjø.

Område med flotte friluftskvalitetar må haldast fri for inngrep/utbygging. Friluftsrådet peikar særskilt på følgande område:

- området ved Bjoafjorden som eit av regionen sitt flottaste kystlandskap.
- Olalia/Etnefjella sine kvalitetar som urørt fjellområde
- Vikestølsområdet mellom Bjoa og Vikebygd, eit mykje brukt turområde med potensiale for brukarkonfliktar.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Under tema folkehelse er «aktiv heile livet» eit av måla. Tilhøyrande dette målet har ein følgande strategiar:

- Sentrumsområde og bustadområde skal ha natur og turtilbod i gangavstand
- Viktige friluftslivsområde skal tas vare på

Kommunedirektøren meiner friluftsliv er tilstrekkeleg ivaretatt i kommuneplanen sin samfunnsdel, og vil påpeika at det også vil bli følgt opp i arealdelen.

Vats Grendalag

Grendalaget har følgande innspel til kommuneplanen:

1. Satsa på infrastruktur; Vats har spreidd busetnad
2. Opna for bustadtomter på Stokkastrandvegen
3. Oppretthalda intensjonen i gjeldande kommuneplan om ni levande bygder
4. Håpar ny kommuneplan gir tydeleg plass for spreidd utbygging
5. Støtta opp under næringsutviklinga i bygda og leggja til rette for bustadtomter i gangavstand
6. Utbetring av sti og hengebrua i Øvre Vats
7. Regulera areala ved Vats skule

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Punkt 1, 6 og 7 er konkrete tiltak som må få ei oppfølging gjennom kommunen sitt handlingsprogram/økonomiplan. Punkt 2 og 4 vil bli følgt opp og vurdert i arbeidet med arealdelen. Dei resterande punkta 3 og 5 omhandlar samfunnsdelen. Punkt 3 er ivaretatt under satsingsområdet «Attraktive lokalsamfunn» med mål og tilhøyrande strategiar og arealstrategiar. Punkt 5 er ivaretatt under satsingsområdet «*Berekraftig kommune*» med mål og tilhøyrande strategiar og arealstrategiar.

Vindafjord idrettsråd

Kommunen har mange fine idrettsanlegg, men desse anlegga er berre allment tilgjengeleg for dei som bur nærast. Kommunen må kartlegga og styrka kollektivtransporten på ettermiddag/kveld slik at verdien av idrettsanlegga blir veksla inn i betre trivsel og helse, skriv idrettsrådet.

Dei har også innspel til kommunen om å finna/etablere ein budsjettpost for å setta av midlar og/eller henta inn overføringar til strategiske tiltak for idretten – som verkar inn på interessa for å busetta seg i kommunen.

Elles skriv idrettsrådet at framdrift på svømmehallen er viktig og at ein må arbeida for å betra tilkomsten til denne, som nemnt ovanfor.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

I forslag til kommuneplan er eit av hovudmåla å «*ha trygge vegar, gode kollektivtilbod og god digital kommunikasjon*». Dette målet er følgt opp med følgande arealstrategiar «*Legga til rette for eit samanhengande vegnett for mjuke trafikantar*» og «*prioritera trafikktryggleik for mjuke trafikantar*».

Idrettsrådet sitt innspel om å finna midlar/etablere ein budsjettpost til strategiske tiltak for idretten, må vurderast i budsjettarbeidet. Kommunen har elles god framdrift i bygginga av svømmehallen.

Bevar Ålfjordens perle

Dei viser til følgande strategi: «Strategisk viktige næringsareal skal utviklast på Dommersnes og Nerheim». Det er liten tvil om at det her er tenkt på ønskje frå Dommersnes AS/Windafjord Port om planering av 550 mål til havvindindustri og at kommunen ønskjer å forankra dette i samfunnsdelen av kommuneplanen.

Korleis kan storskala havvindindustri på Dommersnes vera i tråd med to av dei andre satsingsområda til kommunen, nemleg attraktive lokalsamfunn og gode liv. Kor attraktivt vil det vera å bu i og besøka ei bygd og leva det «gode liv» på ein stad der det er eit 550 mål stort industriområde om lag midt i bygda og fjorden?

Vikebygd vil bli mindre attraktivt; mindre buattraktivt og mindre besøksattraktivt grunna nedbygging av natur og lys- og lydforureining.

Bevar Ålfjordens perle har samla inn 725 signaturar.

Dei har innspel til at Dommarsnes bør strykast dei to stadane det er nemnt, men dersom kommunen insisterer på at Dommersnes skal omtalast, bør det bli noko slikt som: «*Næringsareal på Dommersnes skal utviklast til småskalaindustri tilpassa den vesle bygda så skånsamt som mogleg utan store naturinngrep.*»

Kommunedirektøren sine kommentarar:

På det tidspunkt då kommuneplanen var tema på folkemøtet i Vikebygd, fekk kommunen mange og tydelege innspel på at Dommersnes industriområde måtte utviklast. Det er derfor naturleg at

dette er tatt med vidare. Arealstrategiane knytt til næringsutvikling var også eit drøftingstema i styringsgruppa sitt arbeidsseminar 22.02.24. Det kom ikkje fram noko ønskje om å endra formuleringar i føreslåtte arealstrategiar.

Dommersnes og Nerheim er store næringsområde begge med strategisk plassering, Nerheim med si sentrale plassering nær sentrum og E 134, Dommersnes med lokalisering til sjø. Det blir gjort eit val om at desse områda skal prioriterast og derfor nemnast særskilt.

John Sofus Grimås

I korte trekk har Grimås følgande innspel:

1. For lite blir gjort for at Vikedal skal kunna utviklast med tanke på turisme
2. For mange hus er blitt fritidsbustadar og det aukar konfliktnivå med tanke på utvikling/nyetablering- framtidig løysing å innføra buplikt?
3. Bør sleppe unge folk som vil bu på småbruk til, ikkje alltid prioritere at landbruksareal skal bli tilleggsjord
4. Sjå på Vikedalselva på nytt med tanke på freding, i alle fall ha likebehandling på begge sider av elva

Kommunedirektøren sine kommentarar:

I arbeidet med kommunen sine hovudutfordringar og utarbeiding av planprogrammet, blei kommunen sin besøksattraktivitet definert som eit svakt punkt. Kommunen ønskjer å setta dette på dagsorden. Under satsingsområdet «*Attraktive lokalsamfunn*» er det formulert følgande mål: «*Lokalsamfunna skal opplevast gode å bu i og å besøka*» med tilhøyrande strategi «*definera kommunen som reiselivsdestinasjon og leggja til rette for eit berekraftig reiseliv basert på oppleving av natur og kultur*».

Kommunedirektøren har ikkje vurdert buplikt som verkemiddel for å hindra at bustadar blir brukt som fritidsbustadar.

Småbruk kan vera attraktive å bu på. Som Grimås, skriv har landbrukspolitikken prioritert større landbrukseiningar i seinare år. På lang sikt kan dette svekka befolkningsgrunnlaget i bygdene. Det er nødvendig å ha eit medvite forhold til problemstillinga og ta opp til vurdering i dei einsskilde sakene. Kommunen må i mange tilfelle balansera mellom busettingsomsynet og trygge rammevilkår for eit aktivt landbruk.

Vikedalsvassdraget er freda. Det er ei avgjerd som ikkje kommuneplanen kan endra på, men ei vurdering av arealbruken på begge sider av elva vil bli følgt opp i arealdelen.

Sigbjørn Langhelle

Har følgande innspel:

1. Oppretthalda tilbod for barn og unge i alle bygder
2. Unngå bompengar
3. Må ikkje tillata vindmøller
4. Må bli lettare å utvikla område langs sjø utan omfattande og kostbare reguleringsplanar
5. Legga til rette for betre kollektivtilbod, særskilt med tanke på ny Vindafjordhall
6. Kommunen må ha eit meir aktivt forhold til verksemdene
7. Fjerna eigedomsskatten
8. Kommunen bør leggja til rette for bustadbygging i 100-metersbeltet til sjø

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Tilbod for barn og unge er ivaretatt med mål og strategiar under satsingsområdet «*Attraktive*

lokalsamfunn».

Kor vidt nye vegprosjekt skal finansierast med bompengar, er ikkje eit tema i samfunnsdelen.

Arealbruken, enten det er for å unngå vindmølleparkar eller for å utvikle område til sjø, vil bli følgt opp i arealdelen.

Under satsingsområdet Berekraftig kommune har kommunen som mål å «*minska miljøbelastninga frå transportsektor – meir miljøvenleg transport*» (mål nr. 13) og vil arbeide for å «*minske talet på personbiltransportar og få større del av den samla transporten over på sykkel, gange og kollektiv*» (strategi nr. 19). Arealstrategiane nr. 14 og 15 støttar også opp om dette. Kommunen har under satsingsområdet «*Attraktive lokalsamfunn*» som mål å «*ha trygge vegar, gode kollektivtilbod og god digital kommunikasjon*» (mål nr. 18). Tilhøyrande strategiar og arealstrategiar støttar også opp om dette.

Næringsutvikling var drøftingstema på styringsgruppa sitt arbeidsseminar 12.03.24. Mål og strategiar blei diskutert og det kom ikkje fram nokon forslag om endra formuleringar.

Eigedomsskatt er ikkje tema i kommuneplanen sin samfunnsdel. I den grad det skal tas opp til vurdering, vil det høyre heime i økonomiplanen.

Kommunedirektøren er kjent med at mange ønsker å bu nær sjøen og/eller med utsikt til sjøen. I plan- og bygningslova er det eit generelt forbod mot bygging i 100-metersbeltet til sjø. Dersom kommunen skal opna for bygging i strandsona, må det gå fram av arealdelen til kommuneplanen. Det har vore ein intensjon i revisjonen av kommuneplanen å vurdere buformer og lokaliseringar som gjer kommunen meir buattraktive. Det er derfor utforma følgande arealstrategiar:

- «*Kommunen skal balansera mellom å ta vare på natur, dyrka og dyrkbar jord og friluftsområde, og behovet for areal til samferdsel, næringsliv og attraktive bustadområde*»
- «*Kommunen skal balansera mellom å ta vare på sjøareal og strandsona og behovet for næringsareal og attraktive bustadområde*»

Jon Magne Svendsbø

Vindkraft er ikkje nemnt med eit ord, skriv Svendsbø. Han viser til kommunen sitt høyringsvar til Nasjonal Ramme for Vindkraft på land. Det må forankrast i kommuneplanen at naturen i Vindafjord skal vera fri for landbasert vindkraft. Det er viktig å gjera tiltak for å betre klimaet, men me må ikkje øydelegga meir natur. Svendsbø viser til FN si rangering av truslane mot livet på jorda.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Vindkraft er ikkje nemnt spesifikt i samfunnsdelen. Det er tidlegare gjort eit vedtak i kommunestyret. Det er kommunedirektøren si vurdering at vindkraft generelt ikkje er tema i samfunnsdelen, men at det er eit tema i arealdelen grunna konkrete innspel. Ei slik innstilling blei lufta i styringsgruppa 12.03.2024, og det kom ikkje innspel som tilseier at denne innstillinga skal endrast. Fornybar energiproduksjon i LNF – område vil bli eit tema i arealdelen. Kommunen har mottatt konkrete innspel og førespurnadar knytt til både sol- og vindkraft.

Kirsten Bakkevig

Bakkevig meiner formuleringa «*Strategisk viktige næringsareal skal utvikles på Dommersnes*», er for vid. Det bør stå at industriareal skal utviklast så skånsamt som mogleg i samforståing med innbyggjarane og hyttebuarane i nærleiken, utan store naturinngrep. Vikebygd blir ikkje eit attraktivt lokalsamfunn om området Dommersnes blir utvikla utover det som trengst til småskala industri.

Kommunedirektøren sin kommentar:

Viser til kommentaren til Ålfjordens perle ovanfor.

Elin M.K. Mæland

Mæland er sterkt bekymra for at vindkraft ikkje er nemnt i planen og håpar inderleg at kommunen seier klart nei til vindkraft. Ho håpar kommunen vil ta vare på natur og dyreliv og seia klart nei til rasering og nedbygging av natur.

Kommunedirektøren sin kommentar:

Viser til kommentaren til John Magne Svendsbø ovanfor.

May Britt og Kjetil Vikingstad

Dei skriv som grunneigarar av to fritidseigedomar på Børkjenes og har følgande innspel:

- Dei protesterer på at eksisterande industriområde på Dommersnes skal utvidast og utviklast som eit strategisk viktig næringsareal.

Dommersnes AS har varsla oppstart av arbeid med privat deltaljregulering for industri- og hamneområdet ved Dommersnes. Den omfattande utbygginga vil gi vesentlege negative konsekvensar for naturmangfald, friluftsliv, landskap og vil gi store ulemper i høve til støy, luft- og lysforureining.

- Regionalplan for grøn industri sitt mål er å leggja til rette for verdiskaping og arbeidsplassar innan grøn industri, og vil avgrensa arealbruken ved gjenbruk av allereie brukte areal. Ein kan ikkje argumentere for at arealbruken på Dommersnes er gjenbruk av allereie brukte areal, då brukte areal på Dommersnes berre er ein liten del av planlagt industriområde.
- Ei utviding og utvikling på Dommersnes vil vera i strid med kommuneplanen i høve til verdival som trivsel, levande bygder og attraktive bustadmiljø.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Viser til kommentaren til Ålfjordens perle. Det er under arbeid ei konsekvensutgreiing som vil avdekka både positive og negative konsekvensar for desse temaa. Når KU er gjennomført, vil ein kunne vurdere verknadene og ev. behov for justeringar og avbøtande tiltak.

Det går fram av tidlegare flyfoto i kva grad areala har vore opparbeidd og i bruk dei seinare åra. Landareal som har vore i bruk, utgjør om lag 220 daa, medan landareal som er regulert til næringsformål i eldre reguleringsplan er ca. 480 daa.

Det er ein gjeldande reguleringsplan for Dommersnes, og kommuneplanen har i all hovudsak vidareført næringsformål på dei same areala. Det er starta ei ordinær planprosess, gjennom prosessen vil ein få vurdert verknadene av planforslaget, også verknader for lokalsamfunn skal vurderast. Så skal berørte partar og myndigheiter høyrast, før ein tar endeleg stilling til arealbruken i området.

Iselin L. Tveiten og Edvin N. Aarak

Dei flytta til Vikebygd i 2019, og skriv at ein vesentleg årsak til at dei valde å busetta seg i Vikebygd var den flotte og relativt urørte naturen som er lett tilgjengeleg.

Dei protesterer på at eksisterande industriområde på Dommersnes skal utvidast og utviklast som eit strategisk viktig næringsareal, jf. arealstrategi i forslag til kommuneplanen. Dei meiner planlagt utbygging vil medføre mange vesentlege konsekvensar for lokalsamfunnet, naturmangfald, friluftsliv og landskap, samt store konsekvensar i høve til støy, lyd- og lysforureining. Vikebygd vil bli ei mindre attraktiv stad å bu.

Regionalplan for grøn industri sitt mål er å leggja til rette for verdiskaping og arbeidsplassar innan grøn industri, og vil avgrensa arealbruken ved gjenbruk av allereie brukte areal. Ein kan ikkje

argumentera for at arealbruken på Dommersnes er gjenbruk av allereie brukte areal, då brukte areal på Dommersnes berre er ein liten del av planlagt industriområde.

Ei utviding og utvikling på Dommersnes vil vera i strid med kommuneplanen i høve til verdival som trivsel, levande bygder og attraktive bustadmiljø.

Det er stor usikkerheit knytt til havvind. Det synest å vera lite forsvarleg av kommunen å ta risikoen med å investera på Dommersnes (med innbyggerane sine pengar).

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Som kommentarane til Vikingstad ovanfor.

Mona Aksland og Vidar Maurangsnes

Dei skriv at dei er fastbuande på eit småbruk sentralt i Vikebygd. Uttalen er elles likelydande som uttalen frå Tveiten og Aarak ovanfor.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Som kommentarane til Vikingstad ovanfor.

Oppsummering

Samfunnsdelen til kommuneplanen er eit viktig styringsdokument. Det er i den at dei overordna, langsiktige og strategiske vala for kommunen som organisasjon og samfunn blir gjort. Planforslaget følger krava i Plan- og bygningslova.

Kommuneplanarbeidet er omfattande og bør vera ein kontinuerleg prosess. Det er ein styrke for planarbeidet at det er tverrfagleg. I all planlegging er det ønskeleg å sjå eigne aktivitetar i samanheng og sjå dei i høve til andre sine aktivitetar. Kommunedirektøren meiner at planforslaget slik det ligg føre, avspeglar kommunen som samfunn på ein god måte. Val av satsingsområde viser tydeleg kva som skal stå i fokus. Ein har fått fram kva som er kommunen sine hovudutfordringar i høve til satsingsområda og korleis ein skal arbeide for å komma desse i møte. Planen viser at me som lokalsamfunn må ta i bruk våre menneskelege, naturgitte og økonomiske ressursar på ein balansert måte. Planen trekk ikkje opp grenser for kven som har ansvar for kva, men viser tydeleg at ting heng saman og at løysingar finst i samarbeid, ikkje sektortenkning. Planen har sett klare mål for kva me ønsker oss for kvart satsingsområde og korleis me vil gjera det for å arbeida mot dei måla som er sett.

Kommuneplanen sin samfunnsdel har vore gjennom ein grundig prosess med omfattande medverknad internt og eksternt. Folkemøte i alle bygder og aktivering av grendeutval gir auka deltaking og styrkar samfunnsengasjementet. Medverknad har på denne måten også ein effekt i høve til sosial og politisk læring, dvs. opplæring til demokrati. Det er viktig å erkjenne eksistensen av konflikhtar i planlegginga. Formålet med overordna kommuneplanlegging er å få ei best mogleg styring av utviklinga. Medverknad frå lokalsamfunnet kan bidra til å redusera konflikhtar, finna løysingar og dermed gjera planprosessen lettare og raskare å gjennomføra. Medverknad kan også sikra eit kvalitativt betre kunnskapsgrunnlag for planlegginga gjennom breitt tilrettelagte prosessar.

Kommunedirektøren meiner at ein har fått til ein god kommunikativ prosess med innbyggerane. Bruken av grendeutvala som eit «nedste ledd» i demokratiet har fungert godt i kommuneplanprosessen. Gjennom planprosessen og medverknaden har politikarane samla seg om kva hovudutfordringar Vindafjord kommune står overfor og ut frå dette vedtatt kva satsingsområda skal vera i den kommande planperioden. Mål og strategiar, som skal vera styrande for ønska utvikling, er i stor grad basert på innspela frå medverknadsprosessen og politikarane sine prioriteringar.

Berekraftsmål nr. 17 «Samarbeid for å nå måla» er godt ivaretatt gjennom eit omfattande medverknadsarbeid. Samfunnsdelen av kommuneplanen skal innfri både lokale og nasjonale forventingar. Berekraftsmål nr 17 blir sett på som avgjerande for å nå dei sektorovergripande måla og måla for kvart satsingsområde.

Samfunnsdelen til kommuneplanen er publisert i Framsikt. Dette er eit digitalt verktøy som gjer planen oversiktleg og lett å lesa. Bruken av Framsikt sikrar også at mål og strategiar i vårt overordna styringsdokument blir henta inn i økonomiplanen og vidare til verksemdsplanane, og me får sikra samanhengen i plan- og styringssystema.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Det er viktig for kommunen å ha ein oppdatert samfunnsdel då denne er eit viktig styringsdokument. Den legg føringar så vel for arealdelen, økonomiplanen og andre planar.

Kommunedirektøren tilrår at kommuneplanen sin samfunnsdel blir vedtatt slik han ligg føre.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova.

Vedlegg:

Kommuneplan Samfunnsdel med arealstrategiar 24.05.2024